



www.vernkysten.no



Olje- og Energiminister Odd Roger Enoksen
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Kopi : NVE v/ Agnar Aas, Bjørn Wold, og Arne Olsen
Miljøverndepartementet v/ Stig Roar Husby
Norsk Ornitologisk Forening v / Alf Ottar Folkestad
Direktoratet for Naturforvaltning
M&R Fylkeskommune, Miljøvernavdelinga

Adresse : Moloveien 1
6083 Gjerdsvika

Gjerdsvika den 13.11.2006

NVE OM VINDKRAFT - MYTESKAPANDE FEILINFORMASJON ?

Vyrde Statsråd Odd Roger Enoksen.
Vi finn grunn til på nytt å be om di merksemd i vindkraftsaka.

På NVE sine heimesider finn vi NVE-rapporten ” VINDKRAFT- en generell innføring” .
Rapporten har etter NVE si innleiing til hensikt å gi informasjon om viktige sider ved vindkraft til potensielle utbyggarar, offentlege myndigheiter og andre.

Vi finn no grunn til å åtvare mot innhaldet i rapporten, som etter vårt syn ber sterkt preg av bagatellisering av problema knytta til utbygging av vindkraft.

Vi krev at NVE vert pålagt å trekkjer rapporten tilbake, og at dei kjem ut med ein beklagelse over dei svært uheldige formuleringane ein finn i rapporten.


Vi vil her kort peike på desse forholda:
I NVE sin rapport side 27 kan vi mellom anna lese :

**Tegningen illustrerer en vanlig myte om vindmøller og fugl.
I virkeligheten går vingene relativt sakte rundt**

NVE forsøker her å lage ei komisk og feilaktig framstilling av noko som er høgst alvorleg.

NVE omtalar fenomenet som ei - **MYTE** -.
I tillegg legg dei til at ” i virkeligheten går vingene relativt sakte rundt ”. Er 2-300 km/t på vingetuppene sakte ??
I tillegg skriv NVE at ”grunnlaget for å trekke klare konklusjonar om kollisjonsfaren med fugl, er spinkelt.”
-Vi legg ved ein 12 siders rapport om fugledrap for å spe på NVE sitt spinkle grunnlag.

- **Alle har krav på langt meir sakleg og korrekt informasjon frå ein så sentral etat som NVE – konsesjonsgivar i vindkraftsaker.**



Vi har sett programmet på NRK - ” *Ut i naturen* ” som med all tydelegheit viser realitetane ved vindturbinane på Smøla.

Vi må på det sterkaste oppfordre NVE og andre som har med vindkraftutbygging å gjere, om å studere dette programmet nøye. Link ligg på vår heimeside – www.vernkysten.no

Statkraft på Smøla, eit laboratorium for ørnedrap ?

Det er med stor undring vi høyrer Statkraft sin representant uttalar seg i programmer på NRK.

NVE har gitt konsesjon til Statkraft om å drive vindturbinanlegget på Smøla.

Men pliktar ikkje NVE også å gripe inn når ein no ser at konsekvensane ved anlegget er heilt annaleis enn det NVE og Statkraft har lagt til grunn i sine mangelfulle konsekvensutgreiingar ?

Eller er norske vindkraftkonsesjonar ei blankofullmakt til å utføre miljøkriminalitet ?

I så fall vil vi vite om dette også gjeld for andre forhold, som støy, refleksblink, oljelekkasjar etc .



Vindmølle med rørtårn. (Løgstor kommune: Vindmøller i harmoni med landskapet)

Vindturbinar opp til 1650 kW.

Informasjonen frå NVE er på ingen måte oppdatert når dei talar om turbinar på maksimalt 1650 kW , og vidare syner bilete av ein 55 kW turbin på Jæren.

Dette er vill-leiande, når vi i dag ser konsesjonssøknadar med turbinar opp til 5000 kW eller meir.

Produksjonsanlegg

Vindmøllen utgjør vanlegvis den største investeringskostnaden. Den største vindmølle som er kommersielt tilgjengelig i dag yter 1650 kW. Mindre vindmøller med på 500-600 kW blir i dag regnet som de billigste per kW installert effekt. De mindre vindmøllene koster rundt 3,5 millioner kroner inkludert transport og oppstilling. Dette tilsvarer en kostnad på 6000-7000 kroner per kW.

VINDMØLLER I HARMONI MED LANDSKAPET ? - Ingen kommentar .

Vindkraft langs norskekysten.

NVE omtalar kyststroka av Norge som "lav befolkningstetthet".

Vel, vi er 4,5 Mill menneske her i landet, og så vidt vi veit, bur om lag 70 % av oss langt kysten.

Konfliktnivået VERT stort, med dei omsøkte prosjekta vi no ser.

NVE peikar på behovet for overordna plan.

I dette avsnittet er vi samde med vurderinga til NVE. Men først og fremst må vi lære av erfaringane som er gjort i andre land, som Danmark.

- Få turbinane langt ut i havet om dei først skal byggast.
- Langt borte frå folk og fuglar.

Avstand mellom vindturbinar og bebyggelse.

Det vert vist til informasjon frå Danmark. Oppdatert informasjon frå danskane, tyder derimot på at desse tala ikkje lenger er representative. Danskane vil ikkje lenger ha vindturbinar som naboar, derimot er dei villege til å betale for å få dei ut om synsranda, opptil 50 km frå kystlinga.

Dette vert noko heilt anna enn dei 350 meter som det vert vist til frå NVE.

Skyggekasting.

NVE finn grunnlag for å konkludere med at skyggekast ikkje vil verte noko problem ved norske vindturbinanlegg.

- Grunnlaust etter vårt syn.

Tekniske forhold

I Norge vil trolig vindkraftverk først bli etablert nær kysten. De fleste kystnære områder i Norge som er aktuelle for utbygging av vindkraft, har lav befolkningstetthet og dermed lavt elforbruk. Overføringsnettene er derfor ikke dimensjonert for å overføre store energimengder.

Overordnet vindkraftplanlegging

Med den økte interesse for vindkraft er det fra mange hold reist spørsmål om behov for en overordnet plan for vindkraftutbygging. Denne er tenkt utarbeidet av sentrale eller regionale myndigheter, og skal brukes til å styre lokalisering av enkeltprosjekter til arealer der anleggene medfører minst ulemper.

Lokal skjerming ved boliger er mulig, men sjeldent et fornuftig tiltak.

I Danmark er det krav om minsteavstander fra nærmeste vindmølle til bolig og til vei:

- minst 350 m fra bolig
- minst 300 m fra riks- og fylkesvei
- minst 150 m fra kommunal vei

Foreløpig er det ikke stilt tilsvarende krav i Norge, men behovet for avstandskrav vil bli vurdert.

Avstand og mønster

Alt i alt er det under norske forhold trolig få situasjoner der skyggekasting mot nabohus kan bli et problem.

55 kW vindturbin på Jæren.



Vindmølle på 55 kW og med 30 m tårnhøyde ved Jæren Folkehøgskole
Foto: Haavard osthagen, NVE

NVE har funne plass til å vise fram eit anlegg med 1 stk 55 kW turbin på Jæren.

Dette er svært lite representativt for dagens debatt om utbygging av gigantiske kystområder med tusenvis av turbinar som er opp til 1000 gongar kraftigare enn denne som er vist.

At denne eine turbinen attpåtil har vorte pålagt ved høgsterettsdom å stanse turbinen om natta heile året, samt heile sommarhalvåret pga. støy til naboar, står det ingenting om i teksten frå NVE.

- Kun eigna til å vill-leie folk om vindkraft.

MOTSTAND MOT VINDKRAFT LANGS HEILE KYSTEN.

I eit intervju i Aftenposten den 23.10.06 kjem det fram at NVE oppfattar det slik at det er spesielt på Nordvestlandet at motstanden mot vindkraft er stor.

Dette stemmer ikkje med vår oppfattning. Vår organisasjon har i dag 17 lokallag, frå Lindesnes i sør til Troms i nord. – Engasjementet i dei lokale laga er etter vår meining jamt fordelt over heile kysten, og motstanden aukar for kvar dag som går.

Men folk treng sakleg informasjon. Og i den samanheng er ikkje informasjonen frå NVE god nok.

MANGELFULL VINDKRAFT-KOMPETANSE I NVE

Det kan for oss sjå ut som at NVE ikkje har den nødvendige kompetanse på vindkraft, og at dei stadig får seg ”overraskelsar” i form av at :

- vindturbinane ikkje produserer så mykje kraft som dei hadde kalkulert
- vindturbinane har langt hyppigare og meir omfattande tekniske havari enn det ein hadde føresett . Dette går så ut over produksjonskapasitet og økonomi i prosjekta.
- utbyggingskostnadane er stigande, heller enn synkande som dei har føresett
- støy frå vindturbinar har vorte eit problem ved fleire av anlegga i Norge og utlandet
- og altså – det er ikkje nokon MYTE at vindturbinar drep fuglar i store antal
- folket langst kysten vil ikkje ha desse greiene

NVE omtalar i eit radiointervju vår organisasjon som ”lobbyistar” i vindkraftsaka.

-Det er vel ikkje så mange lobbyistar som har 17 lokale lag av menn og kvinner som på fritida si engasjerer seg i ei sak som dette.

Det er vel heller eit spørsmål om det ikkje er NVE som er ”lobbyistane” sjølve. I alle fall er informasjonen dei gir ut til folk farga av at dei ynskjer ei utbygging av vindkraft, og problemområda vert kraftig fortrent eller feilaktig framstilt.

Vi aksepterer ikkje dette, og krev ei markant endring i NVE sitt handlemønster. Og sist men ikkje minst: Vi treng ikkje fleire ”forskningsprosjekt på ørnedrap”, snarare eitt mindre. – Det forundrar oss at Statkraft får halde fram med ørnedrapa.

Vi er etter kvart også svært skeptiske til NVE som forvaltningsorgan/ konsesjonsgivar i vindkraftsamanheng, og vi oppfordrar Statsråden om at han tek ei evaluering av om NVE sin kompetansen er forsvarleg i høve til den rolla dei så langt har spelt i utgreiing og konsesjonshandsaming for vindkraft. Det *er* ikkje nokon direkte samheng mellom kompetanse på vasskraftutbygging og vindkraftutbygging etter vårt syn.

Vi reknar med at OED ser på denne saka, og at vi får ei tilbakemelding om kva de vil gjere med dette.

Med venleg helsing

Landsorganisasjonen
STOPP rasering av Kysten



Hallvard L. Slettevoll
leiar

Vedlegg :

”Ulemper ved vindmøller” - spesielt knytta til fugledrap, med 30 internasjonale referansar.
”Vindkraft – en generell innføring”, NVE.